

## Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2022/1047-20

Saksbehandlar: Øyvind Pedersen

### Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
PS 2023/64	15.08.2023	Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling
PS 2023/76	22.08.2023	Formannskap
PS 2023/59	31.08.2023	Kommunestyret

## Reguleringsplan for gang- og sykkelveg Dønfoss nord - Sluttbehandling


### Vedlegg

- 1 Dønfoss GSV nord - Plankart 20230703
- 2 Dønfoss GSV nord - Planføresegner 20230703
- 3 Dønfoss GSV nord - Planomtale 20230703
- 4 Dønfoss GSV nord - ROS 20230703

### Saksutgreiing

Plankontoret har utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan for "Gang- og sykkelveg Dønfoss nord" – planid. 34330006. Saka har vore til offentleg ettersyn og høyring, og ein legg no fram revidert planforslag for sluttbehandling og planvedtak.

Planområdet ligg på Dønfoss, langs fylkesveg FV2650 – Nordberg solside, mellom Dønfoss camping og Øyberget kraftverk. Reguleringsplanområdet strekker seg frå krysset mot RV15 til austre avkøyrsla til Dønfoss camping/veg mot utlaupet frå kraftverket. Planområdet ligg på begge sider av fylkesveg FV2650, og er på om lag 25 dekar. Kartfiguren under viser lokaliseringa av planområdet.



Kartfigur 1: Grensa for planområdet er vist med svart stipla strek.

Forslaget til reguleringsplan omfattar følgjande dokument, alle er vedlagt saka:

- Planomtale
- Reguleringsplankart
- Planføresegner
- ROS-analyse

Planarbeidet har bakgrunn i behov for å betre trafikktryggleiken i området ved Dønfoss camping. Planarbeidet er ei oppfølging av arealbruk fastsett i kommuneplanens arealdel vedteken 24.06.2021, der det er vedteke utlagt trase for ny gang- og sykkelveg langs fylkesvegen frå riksvegkrysset til avkøyrsla til Øyberget kraftverk/besøksenter. I samband med reguleringsplanlegginga for Øyberget næringsområde vart det gjort vedtak om forlenging av planområdet austover, slik at dei to planane til saman opnar for bygging av gang- og sykkelveg på heile strekninga fram til den nye avkøyrsla til næringsområdet.

I samsvar med innspel frå vegstyresmaktene ved varsel om oppstart og uttaler i samband med tilgrensande reguleringsplan for Øyberget næringsområde (planid. 34330002), vart reguleringsplanområdet utvida til å omfatta krysset mellom fylkesvegen (FV2650) og riksvegen (RV15). For å følgje opp reguleringsplanen for Øyberget næringsområde, omfatta høyringsforslaget regulering for utbetring av krysset mellom rv. 15 og fv. 2650 med anlegg av fysisk trafikkøyr.

Kommunen hadde i høyringsforslaget føreslege regulert inn ein ny parkeringsplass nord for fylkesvegen tvers ovanfor hovudinnkøyrsla til Dønfoss camping. Dette var gjort etter ønske frå campingplassen som har behov for fleire parkeringsplassar - først og fremst for gjestar til restauranten/kafeen. Arealet der parkeringsplassen er planlagd ligg på grunn til Skjåk Almanning.

Planforslaget var lagt ut til offentlig ettersyn og høyring i perioden 19.04.23 – 31.05.23. Skjåk Almenning bad om utsett frist med grunnlag i at allmeningsstyret skulle ha møte 8. juni, og fekk innvilga slik utsetting.

Det kom inn 5 høyringsuttaler i samband med den offentlege høyringa og ettersynet av planforslaget – frå Statens vegvesen, frå Innlandet fylkeskommune, frå Dønfoss drift A/S & Dønfoss eiendom A/S, NVE og Statsforvaltaren i Innlandet. Skjåk Almenning meldte tilbake etter møtet 8. juni, at dei ikkje sende uttale da allmeningsstyret ikkje hadde merknader til planforslaget. Dei fem høyringsuttalene er referert og kommentert i kapitel 9 i planomtalen som er vedlegg til saka.

Kommunedirektøren legg med bakgrunn i det offentlege ettersynet og høyringa, fram eit planforslag som har nokon endringar til sluttbehandling og endeleg vedtak. Planforslaget ved sluttbehandling er omtalt under, og meir inngåande omtalt i kap. 11 i planomtalen.

Framtidig anlegg av gang- og sykkelvegar, som er hovudføremålet med reguleringa, er nær likeins i planforslaget som leggst fram for sluttbehandling og vedtak som i høyringsforslaget. Ei lita endring som er gjort i forhold til høyringsforslaget, er at den siste strekninga av gang- og sykkelvegen langs campingplassen er trekt rett fram mot avkøyrsla til campingplassen kor den endar. Det vil seie at det ikkje lengre er teikna inn ei strekning med gang- og sykkelveg inn langs avkøyrsla som i høyringsforslaget og som i gjeldande reguleringsplan for Dønfoss camping. Det er gjort med bakgrunn i at det offentlege har ikkje behov for å regulere og erverve areal inn langs den private avkøyrsla, og det vesle arealet her som blir frigjort er lagt inn for "campingplass" slik at eigar kan disponere arealet slik dei meiner det er best for drifta av plassen. Da arealendringa det her er snakk om er liten (36 m<sup>2</sup>), og omfattar ei stutt gang- og sykkelvegstreking innover det private campingplassområdet der det offentlege truleg likevel ikkje ville finansiert bygging av gang- og sykkelveg, foreslår ein å legge endringa fram for vedtak utan ny høyring av planforslaget.

Den mest omfattande endringa av planforslaget er at busshaldeplassar (kollektivhaldeplassar) som låg i høyringsforslaget både på sørsida og nordsida av fylkesvegen, er teke ut av planen. Innlandet fylkeskommune har i si høyringsuttale skrive at dei ikkje ser behov for busshaldeplassar, og at dei som vegeigar ikkje vil prioritere å finansiere tiltak på denne fylkesvegstrekinga. Det var fylkeskommunen som spelte inn behov for busshaldeplassar ved oppstart av reguleringsplanarbeidet i området. Når dei no ikkje ser behov for desse, foreslår kommunedirektøren å ta kollektivhaldeplassane ut av planforslaget som leggst fram for vedtak av planen. Vil det vise seg at det i framtida det oppstår behov for meir markerte stoppeplassar for buss, kan dette gjerast ved skilting for busstopp og oppmerking av kantstopp i vegbana i samsvar med vegnormalane. Denne endringa inneberer også at ein har teke ut av planforslaget ei vegkryssing med fotgjengarovergang her og ein mindre gang- og sykkelveg knytt til det tidlegare føreslegne kollektivanlegget. Arealet som vert frigjort på sørsida av vegen (132 m<sup>2</sup>), blir da føreslege regulert attende til same formål som i gjeldande reguleringsplan for Dønfoss camping (dvs. til "campingplass" og "grønstruktur"). Areal på nordsida (113 m<sup>2</sup>) vert føreslege regulert som sideareal til vegen og den planlagde gang- og sykkelvegen med reguleringsformål "anna vegg grunn – tekniske anlegg". Da areala det her er snakk om er relativt små, og vert attendeført til formål i gjeldande reguleringsplan/noverande arealbruk, foreslår ein å legge endringa fram for vedtak utan ny høyring av planforslaget.

Ei anna endring som også har bakgrunn i fylkeskommunen sine merknadar, er at den nye parkeringsplassen som er føreslege på nordsida av fylkesvegen, er innskrenka noko, slik at den kjem


noko lenger frå fylkesvegen. I forslaget som vert lagt fram for vedtak, er grensa for parkeringsarealet flytta 2 m innover, slik at reguleringsgrensa for dette kjem i avstand 6,5 m frå fylkesvegen. Byggegrensa mot fylkesvegen på strekninga langs parkeringsplassen, er føreslege til 10 m frå senterlina og samsvarar med avgrensinga for reguleringsformålet for parkeringsplass. Elles mot fylkesvegen er byggegrensa 15 meter. Parkeringsplassen vil etter revideringa få ei breidde på 18 m og lengde på 47,5 m, noko som vil vere tilstrekkeleg for parkering i to rekker med mellomliggande manøvreringsareal. Noko areal som tidlegare var foreslege som del av parkeringsarealet, er da i det reviderte forslaget til planvedtak lagt ut som sideareal til parkeringa og gang- og sykkelvegen. Da arealendringa det her er snakk om er liten (83 m<sup>2</sup>), og berre omfattar mindre justeringar mellom samferdselsføremål, foreslår ein å legge endringa fram for vedtak utan ny høyring av planforslaget.

Eigaren av Dønfoss camping har i sin høyringsuttale, føreslege å flytte heile fylkesvegen med tilhøyrande gang- og sykkelveganlegg nokre meter nordover, slik at det vart større avstand til tre hytter på campingplassen. Det vil medføre store kostnader med å flytte heile vegbana nordover i forhold til gjeldande regulering/vegssituasjon, og ville også medføre større endringar i krysset mot RV15. Kommunedirektøren ser ikkje at slike kostnader kan forsvarast med grunnlag i hytter som allereie ligg halvvegs innafør 15 m byggegrense mot veg og i heilheit innafør gul sone for vegtrafikkstøy. Ein har forståing for at det blir opplevd som uheldig for campingplasseigar, det forhold at tre campinghytter ligg så tett på vegen og spesielt nær den planlagde gang- og sykkelvegen. Reguleringa av gang- og sykkelvegen ligg også inne i gjeldande reguleringsplan som var laga på oppdrag frå Dønfoss camping i 2017, og campingplasseigar må ha rekna med at gang- og sykkelvegen skulle bli bygd ein dag.

Den justeringa som er føreslege med å trekke gang- og sykkelvegen rett fram mot avkøyrsla utan forlenging innover langs avkøyrsla, gjer at det blir litt større avstand til den austre hytta enn i gjeldande plan. Det vil i samsvar med forslaget til reguleringsplan som leggest fram for vedtak, bli ein minste avstand på om lag 5 m frå alle hyttene til kanten på gang- og sykkelvegen. Sidearealet til vegen med 2 m. breidde er regulert til annan veggrunn – grøntareal slik at det i nokon grad kan etablerast vegetasjon i denne dersom det ikkje hindrar vegdrifta. Ytterlegare skjerming mot vegen/gang- og sykkelvegen kan eventuelt gjerast med gjerde eller evt. støyskjerm, men det må påreknast dekkja av campingplassen sjølve med bakgrunn i at hyttene er bygd både innafør byggegrense mot veg og innafør støysone.

For detaljer om planforslaget og verknadar av planforslaget, syner ein elles til plandokumenta som er vedlegg til planforslaget.

Forslag til planløyising går fram av plankartet, jf. kartfiguren under. For full kartinformasjon viser ein til reguleringsplankartet i A2-format som er vedlegg til saka.



Kartfigur nr. 2. Forslag til reguleringsplankart ved sluttbehandling av planen.

Planforslaget omfattar om lag 25 dekar og har følgjande forslag til reguleringsformål:

REGULERINGSFORMÅL	Areal i planforslag til vedtak m <sup>2</sup>
1111: Bustadbygnad - frittliggande småhusbygnad	2478
1173: Campingplass	132
2011: Køyreveg	5245
2015: Gang- og sykkelveg	1545
2018: Annan veggrunn - tekniske anlegg	1789
2019: Annan veggrunn - grøntareal	5341
2082: Parkeringsplassar	1093
3001: Grønstruktur	6867
5110: Landbruksformål	540
SUM=	25030

I tillegg til reguleringsformåla, er det lagt inn faresone for flaum som omfattar delar av areal for RV15 med gang- og sykkelveganlegg. Det er lagt inn støysone etter nye støyvarselkart frå Statens Vegvesen. Støysona avvikar noko frå den som er lagt inn i reguleringsplanen for Dønfoss camping godkjent i 2016.

I si høyringsuttale har NVE peika på manglande innteikning av skredfaresone for 5000-årsskred for eit areal heilt aust i planområdet (tilsvarande sikringsklasse S3). Området grenser her mot reguleringsplanen for Øyberget næringsområde godkjend 22.03.2023. I samband med utarbeiding av denne planen var det gjort skredfarekartlegging av Norconsult AS på oppdrag frå Skjåk kommune med rapport INGGeo-01 "Skredfarevurdering av Øyberget industriområde, Dønfoss, Skjåk kommune". Konklusjonen frå denne vurderinga, er at arealet som grensar inn mot det nye planområdet for gang- og sykkelvegen, ikkje er skredutsett. Slik sett avvikar denne skredkartlegginga frå NGI-rapporten for Dønfoss camping frå 2016 som tilseier at arealet ligg i faresone for utlaup av snøskred med nominell fare 1/5000. Norconsult AS har i sin rapport kommentert dette i forhold til nye berekningsmetoder i samsvar med NVE sin nye vegleiar frå 2020. Dei viser også til at deira vurdering i forhold til snøskred, samsvarar med vurdering NGI har gjort for NVE i 2018 med rapport nr. 7/2018 "Skredfarekartlegging i Lom, Skjåk og Vågå kommuner" som omfattar område like austafør, der snøskred ikkje lenger er rekna å nå så langt ned. Det var på bakgrunn av dette ikkje teikna inn faresone for skred i den godkjende reguleringsplanen for Øyberget næringsområde som grensar inntil den nye planen. I det område der innteikning av skredsone i den nye reguleringsplanen for gang- og sykkelvegen eventuelt manglar, er samferdselsformål for køyreveg og gang- og sykkelveg einaste byggeformål, og ingen av desse reguleringsformåla er i nærleiken å ligge i sikringsklasse S3. Saksbehandlar vurderer at ein oppretthald planforslaget til vedtak utan å teikne inn faresone for skred.

Det er som i høyringsforslaget, lagt inn midlertidig føresegningsområde som omfattar *Midlertidig bygge- og anleggsbelte*. Det omfattar areal utanfor areal regulert for samferdselsformål, som ein ser vil vere naudsynt å ta i bruk under bygginga av samferdselanlegga. Areal i dette anleggsbeltet skal attendeførast og nyttast til underliggende arealbruksformål etter utbygginga.

Det er teikna inn frisisikliner ved vegkryss og større avkøyrslar i planforslaget. Innafor desse frisisiklinene tillatast det ikkje sikthindrende gjenstandar høgare enn 50 cm over vegbanen. For eksisterande avkøyrslar mot fylkesvegen der fartsgrense er 50 km/t, tilseier vegvesenets handbok ei frisisiktsone på 6 x 45. Det er i planforslaget teke høgde for at reell fart kan vere noko høgare som tilseier lengre stoppsikt. Ein foreslår som i høyringsforslaget, å bruke frisisikt 6 x 60 m som for fartsgrense 60 km/t.

Byggegrenser er teikna inn på plankartet. Byggegrensen mot Fv. 2650 - Nordberg Solside - er 15 meter frå vegens senterline, med unntak for strekninga langs den nye parkeringsplassen SP02, der byggegrensa samsvarer med reguleringsformålgrensa, og er 10 m frå vegens senterline. Byggegrense mot RV15 er 50 m frå vegens senterline. Byggegrenser går også fram av forslaget til reguleringsplanføresegner.

Når det gjeld område for bygg og anlegg i planforslaget, som omfattar bustaden til eigar av campingplassen og mindre areal med campingformål, følgjer reguleringsføresegnene som er knytt til desse, i all hovudsak det som står i gjeldande reguleringsplanen for Dønfoss camping. For bustadformålet er det gjort nokon justeringar, slik at desse samsvarer med planføresegner i nyleg vedteken kommuneplan.

I reguleringsføresegnene er det som i vedteken plan for Øyberget næringsområde, føreslege at det ikkje skal gjennomførast støyande aktivitet knytt til grunnarbeid som sprenging, pigging, knusing, massetransport, tomtearrondering mm. i perioden fom. 15.06. tom. 15.09., samt på helge- og høgtidsdagar. Eigar av campingplassen har i si uttale bede om at perioden for stans av støyande anleggsarbeid blir utvida med nærare 2 månader i forhold til det som er føreslege. Forlenging av periode med nærast anleggsstans slik campingplasseigar føreslår, vil kunne medføre større kostnadsauke for bygginga av gang- og sykkelveganlegget p.g.a. at anleggsarbeidet må påreknast å måtte gjerast i lengre periodar med frost og vinter. Med tanke på at det berre er ei 85 m lang strekning med gang- og sykkelveg frå riksvegkrysset til innkøyrsla til campingplassen, som ligg heilt nær campingplassen, vil kommunedirektøren ikkje tilrå å gå inn for forlenging av perioden ut over det som går fram av reguleringsplanforslaget kap. 4.1.3.

### **Vurdering**

Kommunedirektøren vurderer det reviderte planforslaget som eit godt grunnlag for regulering av området med omsyn til å betre trafikkforholda no og for ein framtidig situasjon ved utbygging av Øyberget næringsområde. Forslaget samsvarer med vedtaket av kommuneplanens arealdel og med tidlegare planvedtak som sikrar mogelegheit for utbygging av anlegg av gang- og sykkelveg på heile strekninga frå riksvegkrysset fram til den nye tilkomstvegen til næringsområdet.

### **Kommunedirektøren si tilråding**

- a) Skjåk kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg Dønfoss nord, med planid. 34330006.
- b) Detaljreguleringsplanen omfattar reguleringsplankart - datert 03.07.2023, planføresegner – datert 03.07.2023, planomtale – datert 03.07.2023 og ROS-analyse - datert 03.07.2023.

### **Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling si behandling av sak 64/2023 i møte den 15.08.2023:**

#### **Behandling**

Samrøystes som innstillinga.

#### **Vedtak**

- a) Skjåk kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg Dønfoss nord, med planid. 34330006.
- b) Detaljreguleringsplanen omfattar reguleringsplankart - datert 03.07.2023, planføresegner – datert 03.07.2023, planomtale – datert 03.07.2023 og ROS-analyse - datert 03.07.2023.

### **Formannskapet si behandling av sak 76/2023 i møte den 22.08.2023:**

#### **Behandling**

Samrøystes som innstillinga.

#### **Vedtak**

- a) Skjåk kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg Dønfoss nord, med planid. 34330006.
- b) Detaljreguleringsplanen omfattar reguleringsplankart - datert 03.07.2023, planføresegner – datert 03.07.2023, planomtale – datert 03.07.2023 og ROS-analyse - datert 03.07.2023.

### **Kommunestyret si behandling av sak 59/2023 i møte den 31.08.2023:**

#### **Behandling**

Endringsforslag frå Skjåk Senterparti ved Kristen Haugen Dagsgard:

Forslag om endring i tidsavgrensing for støyande aktivitet:

Det skal ikkje gjennomførast støyande aktivitet knytt til grunnarbeid som sprenging, pigging, knusing, massetransport, tomtearrondering mm. i perioden fom. 15.05 tom. 15.09., samt på helge- og høgtidsdagar.

Endringsforslaget vart samrøystes vedteke.

Det vart deretter stemt over innstillinga som låg føre frå Formannskapet. Den vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

- a) Skjåk kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg Dønfoss nord, med planid. 34330006.
- b) Detaljreguleringsplanen omfattar reguleringsplankart - datert 03.07.2023, planføresegner – datert 03.07.2023, planomtale – datert 03.07.2023 og ROS-analyse - datert 03.07.2023.
- c) Endring av tidsavgrensing for støyande aktivitet. Det skal ikkje gjennomførast støyande aktivitet knytt til grunnarbeid, sprenging, pigging, knusing, massetransport, tomtearrondering mm. i perioden fom. 15.05 tom. 15.09, samt på helge- og høgtidsdagar.